



EIDFJORD NAMNA MINNELUND

Ei vakker og fredfull gravform for deg som ønskjer ein stad å minnast, samstundes som kyrkja tek ansvar for stell og vedlikehald.

Eidfjord namna minnelund er utforma som ein park i forlenging av Modnen gravplass. Her kan alle som ønskjer å minnast kome for ei roleg stund.

I minnelunden kan det setjast ned urner. Det er ingen gravminne knytt til den enkelte grava, men eit felles minnesmerke med plass til namneplate. Det er plass til inntil to namn på kvar namneplate. Gravlagde i kistegrav på gravplassen kan få namnet sitt flytta over til eksisterande namneplate dersom det er plass. Det er høve til å leggja ned blomar eller tenna ljøs ved minnesmerket, men ikkje på sjølve grava.

For mange er dette ei god løysing når ein ønskjer ei gravform utan praktiske plikter, men med ein trygg og fredfull stad å minnast.

Slik fungerer det

- Urna blir sett ned i minnelunden
- Namnet blir plassert på felles minnesmerke
- Plasseringa av urna blir bestemt av gravplassforvaltninga
- Kyrkja har ansvar for stell, planting og vedlikehald av området

Kvifor velje navna minnelund

- Ei vakker og fredfull gravform
- Pårørande treng ikkje ta ansvar for stell av grava
- Ei framtidsretta og enkel løysing for familiar som bur langt unna eller ønskjer mindre praktisk ansvar




Foto: Hege Bjotveit

Gravferd og urnenedsetjing

Her kan familien velje ulike løysingar.

- Gravferdsseremoni som ved vanleg kistegravlegging. Kista blir deretter sendt til krematoriet. Når urna kjem tilbake blir den sett ned på minnelunden.
- Gravferdsseremoni etter kremasjonen. Her kan ein velje å ha urna ståande under seremonien akkurat som ved kistegravlegging.
- Ingen seremoni. Urna blir sett ned på minnelunden når den kjem fra krematoriet.

Sjølve urnenedsetjinga

Pårørande kan delta på nedsetjing av urna og også i det praktiske rundt dette om dei ønskjer. Dette blir avklart med gravplassarbeidar på førehand.

Namneplate bestillast på eige skjema. Denne blir montert på minnesmerket av gravplassarbeidar.

Prisar

- | | |
|--|-----------|
| • Innanbygds gravlegging | kr 6 500 |
| • Utanbygds gravlegging | kr 12 000 |
| • Graving av ekstra namn på namneplate | kr 1 000 |

Festeavgift kjem til når friperioden på 20 år er over. Her føl ein dei same satsane som for kistegraver på gravplassane i Eidfjord. Festeavgifta blir kravd inn kvar 5. år. (For utanbygds er det ingen frigravperiode og festeavgift betalast fra første dag.)





Ta gjerne kontakt dersom du ønskjer meir informasjon eller har spørsmål om namna minnelund.

Eidfjord kyrkjekontor
Lægreidsvegen 24
5783 Eidfjord

Telefon: 53665251

E-post: post@eidfjordkyrkje.no

Kontortid: Måndag, tysdag og torsdag 0900 - 1400

Nettside: www.eidfjordkyrkje.no